



Alver kommune Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: f6eda4a8-7388-4c05-88f6-
22cecaf65d4d

Vår: 21/10555 - 23/17393

Saksbehandlar:

Stian Stormark

stian.stormark@alver.kommune.no

Dato:

02.03.2023

Svar - Oversender søknad om mellombels bruksløyve for teknisk infrastruktur til uttale - gbnr 445/416 Manger nedre

Uttale VA :

VA avdelinga har sett på saken og kan ikkje gje samtykke til mellombels bruksløyve.

Før ein kan gje mellombels bruksløyve må all sluttdokumentasjon etter Alver Kommune sin VA-norm vedlegg B5 «Krav til innmåling, sluttkontroll og dokumentasjon av VA-anlegg» vera oversendt og godkjent.

Uttale veg:

Vegavdelinga har sett litt på førespurnaden om mellombels bruksløyve for veg.

Det vil ikkje være tilstrekkeleg at vegen er grovplanert og køyrbar. Dersom ein skal gje mellombels bruksløyve på vegen, skal veg være asfaltert med eit lag asfalt.

Når vegen vert ferdig stilt og klargjort for overtaking, skal fortau etablerast med nedsenka fortauskant (der avkøyrslar er regulert inn) og asfalterast. Køyreveg skal asfalterast på nytt med endeleg vegdekke. Tykkelse på asfaltlaga skal være ihht kommunen sine krav.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Stian Stormark
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG